

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 08.12.14

Vår ref. 1271/ 14/BSV/5.7.12

Dykkar ref.:14/1889-14/25959

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

e-mail

SØKNAD OM UTVIDING AV LOKALITET STORSKREDBUKT, LINDÅS.

Viser til dykkar brev av 19.11.14, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har vore i kontakt med lokalkjent fiskar i Nordhordland Fiskarlag om saka.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit større område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø.

Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å søkje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må definere kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk. Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusingsmiddel.



Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersystema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyingar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Lokaliteten Storskredbukt

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert gyteområde for torsk i området, jf. vedlagde kart.

Fiskarlaget Vest er einig med kommunen i at utviding av akvaområdet må vurderast ved rullering av kommuneplanen.

Fiskarlaget Vest finn i dette tilfelle å kunne gå inn for endring av anlegget i området som omsøkt, under føresetnad av at ikkje ankra blir til hinder for bruk av m.a. låsplassen på motsatt side av fjorden. Fortøyingsplan må leggjast ved slike søknader, og ankra må avgrensast mest mogeleg.


Når det gjeld auke av biomasse må rett styresmakt uttale seg.

Elles visar ein til dei generelle merknadene, spesielt når det gjeld fortøying/rydding.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebø

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Hordaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland



Målestokk: 1:26 218